

Mål	Tiltak	Skildring	Kven?	Korleis og kva tid?	Økonomisk behov
<b>1. Stansa tapet av truga artar og naturtypar på land og i vatn</b>					
<b>1a. Planvask</b>					
<b>1.A.1</b>	Planvask.	Voss herad fekk i 2024 tilskot frå Miljødirektoratet for å gjennomføra «planvask». Me har både regulerte og uregulerte utbyggingsområde som er avsett i arealdelen. Gjennom arbeidet med planvask vil det vera aktuelt å oppheva reguleringsplanar, og å ta ut utbyggingsareal avsett i kommuneplanen sin arealdel.	Planavdelinga, Holth & Winge	Rullering av kommuneplanen . 2025	400 000 kr frå Mdir
<b>1b. Arealnøytralitet</b>					
<b>1.B.1</b>	Setja i verk arealnøytralitet.	"Vossaklima 2030" slår fast at Voss herad skal vera ein arealnøytral kommune, men dette er ikkje iverksett enno. Gjennom arbeidet med arealstrategien i samfunnsdelen til ny kommuneplan skal me definera kva me legg i arealnøytralitet og korleis dette skal handhevast.	Arbeidsgruppa til KPS	Rullering av kommuneplanen . 2025-26	Nei
<b>1c. Kartlegging av naturtypar og artsmangfald</b>					
<b>1.C.1</b>	Kartleggingsprosjekt - prioritera og gjennomføra (sjå vedlegg 1 Kartleggingar).	Det er behov for kartlegging av naturtypar og artsmangfald. Vedlegg 1 inneheld ei liste over kartleggingar i tilfeldig rekkefylgje. Desse må prioriterast ila. 2025 og gjennomførast i åra framover. Prioritera områda og artane me har lite oversikt over. Søkja eksterne midlar til gjennomføring og kopla seg opp mot utdannings- og forskingsmiljø. Viktig at rett metodikk (MI) vert nytta slik at funna vert registrert i databasar.	Klima- og miljørådgjevar	2025	Nei
<b>1.C.2</b>	Krav om kartlegging i plansaker.	I alle plansaker som omfattar urørt natur med særskilde kvalitetar som t.d. gamal skog , sårbare artar eller naturtypar, må det stillast krav til kartlegging. Slike krav vert stilt i dag, men det er ynskjeleg at fleire utbyggingsprosjekt vert omfatta av krav til kartlegging.	Planavdelinga	Kontinuerleg	Nei
<b>1d. Kompetanseheving på lovverk og databasar</b>					
<b>1.D.1</b>	Kompetanseheving på juridiske vurderingar.	Tilretteleggja for kurs og skulering. Det er viktig med god kunnskap om handlingsrommet plan- og bygningslova og naturmangfaldlova gjev til å vare på natur.	Klima- og miljørådgjevar	2025-2030	Delvis, kan truleg få noko kurs frå Statsforvaltaren

1.D.2	Kompetanseheving på bruk av databasar.	Gjennomføra kurs/intern opplæring for sakshandsamarar i heradet for å sikra betre kompetanse på kva som er tilgjengeleg i kartdatabasane.	Plan- og oppmålingsavdelinga	2026-2027	Ja
<b>2. Forbetra tilstanden til truga naturtypar og artar</b>					
<b>2a. Restaurering</b>					
2.A.1	Restaureringsprosjekt - prioritera og gjennomføra.	Område som er særleg aktuelle for restaurering (sjå tiltak 1.C.1.G i vedlegg til handlingsdel): kantsoner til vassdrag, leveområde for artar langs vassdrag, særleg gyteområde for fisk, myr og våtmark (både område i som tidlegare har vorte grøfta, og øydelagt myr og våtmark inntil jordbruksområde eller nedbygd areal), semi-naturleg eng (både lokalitetar som allereie er kartlagd eller nye lokalitetar som førebels ikkje er kjend). Ved gjennomføring av restaureringsprosjekt vil dugnad vera eit godt verkemiddel. Viktig verktøy mtp. handheving av arealnøytralitet.	Klima- og miljørådgjevar	2025-2030	Søka eksterne midlar til gjennomføring av restaureringsprosjekt
2.A.2	Auka biologisk mangfald i Voss sentrum.	Naturvernlaget har eit prosjekt for å auka biologisk mangfald i sentrum. Heradet er med. Dette er viktig med tanke på ivaretaking av naturmangfaldet og konektivitet, for pollinatorar og andre artar.	Prosjekt og utvikling, Park og idrott, klima- og miljørådgjevar	2024-26, oppfølging i KPA	Ja, til informasjonsplaktar på områda som er under restaurering
<b>2b. Skjøtsel</b>					
2.B.1	Skjøtselstiltak for oppretthalding av semi-naturlege naturtypar.	Bidra til oppfylging av skjøtselstiltak på registrerte førekomstar av semi-naturleg eng. Kontroll av areal som får RMP til artsrik slåttemark m.fl.	Næringsavdelinga i samarbeid med Statsforvaltar som har oversikt og fagleg ansvar for desse	2025-2030	SMIL-midlar
2.B.2	Gode rutinar for slått langs vegkantar.	Viktig mtp. artsmangfaldet og for å få bukt med framandartar. For artsmangfaldet vil det som regel vil det vera mest optimalt med sein slått (i august). For å nedkjempa framandartar må det slåast fleire gonger gjennom sesongen.	Driftsavdelinga, fylkeskommunen og Statens vegvesen	2026	Ja
<b>2c. Samanhengande naturområde, korridorar</b>					
2.C.1	Laga temakart for økologiske korridorar.	Utarbeida eit temakart for økologiske korridorar i kommunen, for ulike økosystem og nøkkelartar, slik at me får identifisert fokusområde for bevaring og restaurering.	Klima- og miljørådgjevar	I samband med rullering KPA	Ja, behov for ekstern bistand

2.C.2	Sørgja for å oppretthalda korridorar både i urbane og jordbruksprega område, inkludert hytteområde.	Fragmentering av naturen - både i urbane miljø og landbruksområde - er ein stor trugsel for mange artar, mellom anna villreinen. Ved å leggja til rette for korridorar og planleggja for samanhengande naturområde vil naturen på sikt verta meir økologisk funksjonell og romma eit større mangfald av artar. Fokus på å ivareta kantsonar, både langs dyrka mark, vassdrag, vegar m.m.	Planavdelinga i samarbeid med utbyggjarar	Kontinuerleg	Nei
2.C.3	Sikra samanhengande natur gjennom samarbeid med nabokommunar og i nettverk, råd og styre.	Store samanhengande naturområde er svært viktig for sårbare artar som villreinen. For å oppretthalda slike naturområde er det viktig å samarbeida med nabokommunar (mellom anna gjennom planar som kystsonoplan for Hardanger) og delta i relevante nettverk, råd og styre. Samanhengande område med urørt natur er det i både Stølsheimen landskapsvernområde og Nærøyfjorden landskapsvernområde, og heradet er involvert i forvaltning av desse verneområda gjennom politisk deltaking i verneområdestyra.	Klima- og miljørådgjevar og andre i heradet som deltar i regionale nettverk.	Kontinuerleg	Nei
<b>2d. Ljosforureining</b>					
2.D.1	Fjerna vegljøs der det er mogleg.	Trafikktryggleik er viktigast, men oppretta dialog med Statens vegvesen om periodisk sløkking av vegljøs med omsyn til insekt, fuglar og andre artar som reagerer negativt på kunstig ljøs.	Klima- og miljørådgjevar, samarbeid med vegmynde i kommune og fylke.	2025-2026	Usikkert
2.D.2	Bruka sensorstyrte lys og/eller pærer med mindre spreieing i heradet sine bygg/område.	Ved utskifting av oppbrukte pærer, vurderer å ta i bruk pærer som spreier seg mindre/lyser rett ned og dermed påverkar arealet rundt i mindre grad, ev. sensorstyrte lys.	Bygg og eigedom	Kontinuerleg	Driftsbudsjett
2.D.3	Redusera bruk av uteljos og anna ljøsforureining.	Sjå til at idrettsanlegg sløkkjer ljøs nattestid. Informasjonskampanje mot hus/hytteieigarar i grisgrendte strok om å redusere bruk av uteljos.	Planavdelinga, Kultur og fritid, klima- og miljørådgjevar	2025-26 Vurdera i samband med rullering av KPA	Nei
<b>3. Redusera negative effektar av areal- og klimaendringar på naturmangfaldet</b>					
<b>3a. Naturbaserte løysingar</b>					
3.A.1	Blå-grøn infrastruktur i sentrum.	Vurdera auka bruk av vegetasjon på veggjar og tak, og stilla krav om bruk av stadeigne artar. Viktig med omsyn til pollinatorar (sjå tiltak 3.B.1) og med omsyn til handtering av overflatevatn.	Planavdelinga, Driftsavdelinga, Bygg og eigedom	Kontinuerleg, krav i reguleringsplanar/krav i egne prosjekt	Nei

3.A.2	Opne vassløysingar.	Opne bekkar, og det å ta vare på og restaurera våtmark (jf. 2.A.1), er viktig mtp. styrtregn og overvasshandtering.	Driftsavdelinga, Næringsavdelinga	Kontinuerleg	Ja
3.A.3	Ivareta kantsoner.	Krav om breidde på kantsone vert sett i alle plansaker, jf. § 11 i vassressurslova. Viktig at kantsonene er mest mogleg fleirsjiktta og ikkje berre grasareal.	Næringsavdelinga, Park og idrott	Kontinuerleg, kopling til KPA	Nei
3.A.4	Vurdera vernskogtiltak.	Vernskog er viktig mot både ras og flaum. Det må gjerast ei vurdering av kva område som er mest aktuelle for vernskogtiltak.	Næringsavdelinga, flaumkoordinator i samarbeid med Statsforvaltaren	2025-26, i samband med rullering KPA	Nei
<b>3b. Leggja til rette for ville pollinatorar</b>					
3.B.1	Pollinatorvenleg utbygging.	Få oversikt over dei mest pollinatorvenlege stadeigne plantene og ta inn i rutinar at stadeigne pollinatorplantar skal nyttast i plan- og byggesaksarbeid.	Klima- og miljørådgjevar	2025-26 i samband med rullering KPA. Internt kurs for fleire avdelingar.	Ja, til kurs
<b>4. Følgja opp naturavtalen og mål om meir verna areal</b>					
<b>4a. Verna naturområde</b>					
4.A.2	Auka delen verna areal etter naturmangfaldlova i Voss herad.	Basert på allereie føreliggjande kartleggingar og kartleggingar av naturtypar og artar framover, må det gjerast ei vurdering av kva areal av heradet som vil vera viktigast å verna etter naturmangfaldlova.	Klima- og miljørådgjevar	Vurdera med omsynssoner i KPA, 2025-26. Ev. verneprosess etter naturmanfaldslova m/Statsforvaltar en.	Nei
<b>5. Berekraftig forvaltning av jordbruks- og skogsbruksområde med omsyn til naturmangfald</b>					
<b>5a. Beitebruk</b>					
5.A.1	Beitebruksplan.	Oppstart beitebruksplan 2024, ein temaplan for bruk av utmarksbeiteressursar i Voss herad.	Næringsavdelinga i samarbeid med næringa	2024-2025	Nei

5.A.2	Beiteressursbank.	Vurdera å oppretta ein beiteressursbank for kulturlandskapet med areal som er ønska eller prioritert for beiting, der det i dag ikkje er aktive gardbrukarar som kan ta vare på innmarks- og utmarksbeite sjølv, men som er positive til å lata andre sørgja for beite av areala. Oppfylging av driveplikta er viktig mtp. å hindra attgroing.	Næringsavdelinga	2026	Treng midlar til gjerding/ev. Nofence-teknologi
<b>5b. Innmarksareal</b>					
5.B.1	Skjøtsel av innmarksbeite.	Tiltak for å auka bruken av innmarksbeite, og fagleg kunnskap om skjøtselen av dette. Til dømes viktigeita av opne bekkar, tre, andre landskapselement i jordbrukslandskapet.	Næringsavdelinga i samarbeid med næringa	Kontinuerleg	Ja, til infomøte/kurs
5.B.2	Kantsoner mot vatn i tilknytning til innmarksareal.	Ivaretaking og restaurering av kantsoner gjev stor samfunnsnytte og nytte for landbruket sjølv, ettersom dei reduserer tap av avlingar og hindrar avrenning av matjord. Ved nydyrking vert det stilt krav i regelverket.	Næringsavdelinga	Kontinuerleg	Nei
5.B.3	Naturverdiar ved nydyrkingsprosjekt.	Særleg bør naturverdiar i kantsoner og åkerholmar vurderast ved nydyrkingsprosjekt, knytte til standardarar for handsaming. Bidreg også til å gjere det føreseieleg for bønder som vil dyrka.	Næringsavdelinga	Kontinuerleg	Nei
<b>5c. Skogforvaltning</b>					
5.C.1	Forvaltningsmål for heradet sin eigen skog.	Ta utgangspunkt i utarbeidde og framtidige skogbruksplanar med MIS (miljøregistreringar i skog). Differensiera areal med hovudmål naturmangfald, friluftsliv, tømmerproduksjon, testing av alternative driftsmetoder m.m.	Næringsavdelinga	2026	Nei
5.C.2	Vurdera lokale insentiv for alternativ til flatehogst.	Lukka hogstformer bør prøvast i skog der dei økonomiske og biologiske forholda ligg til rette for det. Kan ha positive effektar for å redusera naturfare, vatn og biologisk mangfald, men kan samtidig krevja tettare vegnett pga. meir intensiv skogbehandling.	Næringsavdelinga saman med næringsaktørar	2025-2030	Ja, viss ein skal innføra økonomiske insentiv
5.C.3	Informera skogeigarar om ordninga med frivillig skogvern.	Det er i dag ei ordning med frivillig vern mellom skogeigar og Statsforvaltaren. Ordninga sikrar gode faglege vurderingar og gode prosessar . Sørgja for god informasjon om denne. Til dømes ville det hatt stor verdi for Voss herad om ein klarte å skipa til eit naturreservat med Vossagran.	Næringsavdelinga	Kontinuerleg	Nei

5.C.4	Samarbeid om og god planlegging av skogsbilveggar.	Vurdera om ein kan redusera storleiken på skogsbilvegane ved rullering av Hovudplan for skogsveggar. Stimulera til auka samarbeid om skogsbilveger for å sikra høg nytteverdi per meter veg. Prioritera vegmidlar til veganlegg som er godt planlagt og ligg slik at det kan drivast langsiktig skogbruk. Søknadar om gravedrifter der det finst betre alternative løysingar, bør få avslag.	Næringsavdelinga, Jordskiftverk, Statsforvaltaren i Vestland.	Kontinuerleg	Nei
5.C.5	Kurs og rådgjeving innan skogforvaltning.	Arrangera kurs og tilby rådgjeving til skogeigarar om forvaltning av skog, berekraftig skogdrift, alternative driftsformer, PEFC (skogbrukets miljøstandard), MIS-kartlegging, planting av andre treslag enn gran etter hogst m.m. Prioritera aktiv rådgjeving til skogeigarar med nøkkelbiotopar.	Næringsavdelinga	Årleg	Ja
<b>6. Redusera negativ påverknad på natur frå framandarter og anna forureining</b>					
<b>6a. Kjempe mot framandartar</b>					
6.A.1	Prioritera område for kartlegging og tiltak.	Framandartane spreier seg fort og fortrengr artar som høyrer til i heradet. Dei trugar naturmangfaldet og difor er det viktig å hindra spreieing. Viktig å gjera ei vurdering av kva område i heradet som skal prioriterast for tiltak. Enkeltførekomstar og nyetableringar bør prioriterast då gevinstane av å stogga spreieing frå desse er størst.	Næringsavdelinga, klima- og miljørådgjevar	2025	Ja, til ekstern hjelp
6.A.2	Setja i verk konkrete prosjekt i avgrensa område.	Velja dei viktigaste artane å ta tak i og leggja strategi for kvar einskild. M.a. kjempespringfrø, lupinar, parkslirekne, oppdrettslaks og sjukdomsberande artar i vassdrag. Bidra til igangsetting av konkrete tiltak. Belønna samarbeid på tvers av eigedomar. Fylgja opp område over flere år.	Næringsavdelinga, klima- og miljørådgjevar, Driftsavdelinga, Park og idrett i samarbeid med Naturvernlaget	Årleg	Søka eksterne midlar
6.A.3	Kunnskapsauke internt og eksternt.	Behov for meir kunnskap om framandartar både på land og i marine område, både internt (mtp. slått og skjøtsel av grøne areal i heradet) og eksternt. Ha dialog med lokale hagesenter og forhandlarar av hageplanter, om at dei fjernar artar med høg og svært høg risiko. Vurdera visuell kommunikasjon i offentlege rom med bilete av dei mest problematiske artane og enkel tekst.	Klima- og miljørådgjevar	Årleg	Ja, viss eksterne føredragshaldarar
6.A.4	Rutinar ved grave- eller byggjeløyve for å hindra spreieing.	Framandartar vert spreidd ved flytting av massar. Setja krav til lokal handtering av massar forureina med framande artar, som til dømes soilsteam eller forbrenning. Setja krav til vasking av maskiner brukt til massehandtering ved transport inn/ut av prosjektområde med dei mest invasive fremandartane.	Byggesak, Bygg og eigedom, Driftsavdelinga. Samarbeida med entreprenørane/næringa.	2025-26	Nei

6.A.5	Årleg dugnadsdag mot framandartar.	Grunnlag for lokalsamfunnsutvikling. Det å lukkast med nedkjemping av kjempespringfrø kan bidra til auka samhald. Vurdera panteordning i samband med denne (til dømes ein sum per bossekk med framande arter). Kan vera eit insentiv til særleg born og unge.	Heradet i samarbeid med BIR, grunneigarlag, grendelag, Naturvernetaget, Hagelaget m.fl.	Årleg	Ja
6.A.6	Krav til stadeigne planter.	Stilla krav ved utforming av grøntområde at det vert nytta stadeigne planter. Heradet har allereie rutine for å setja slike krav i plansaker. For heradet sine eigne område kan dette til dømes gjerast i innkjøpsreglementet.	Bygg og eigedom	2025	Nei
<b>6b. Hindra forureining</b>					
6.B.1	Unngå at plast hamnar i naturen som konsekvens av flaum.	Ei utfordring for Voss herad dei siste åra er at mykje bos og plast vert teke med flaumar og ført nedover vassdrag. Dette er utilsikta forureining som kan førebyggjast med meir aktiv dialog ut mot innbyggjarar og verksemdar.	Flaumkoordinator og klima- og miljørådgjevar	Årleg	Nei
6.B.2	Årleg strandryddeaksjon.	Voss herad er del av den årlege strandryddeaksjonen "Rein Hardangerfjord". Viktig å involvera skular, lag, organisasjonar og andre. Bruka dagen til å spreia kunnskap om konsekvensar av marin forsøpling.	Klima- og miljørådgjevar	Årleg	Nei
6.B.3	Krav til handtering av plastbos ved nye driftsbygningar i landbruket.	Utfordra landbruksnæringa til å ta tak i plastutfordringane - for å sikra at plast ikkje kjem på avveggar.	Næringsavdelinga/byggesak	2025	Nei
<b>7. Sikra at framtidige generasjonar kan nytta godt av naturen og læra den å kjenna</b>					
<b>7a. Ivareta sårbare område</b>					
7.A.1	Naturvenleg bruk av stinettet.	Vurdera om stiar som er i bruk bør stengjast i periodar. Få oversikt på stiar som ligg i sårbare områder, og vurdera om desse skal stengjast anten i periodar eller om ein bør finna alternative ruter. Ta vare på eksisterande stiar i staden for å etablere nye. Sjå i samband med sti- og løypeplan, og arbeidet med strategi for besøksforvaltning.	Næringsavdelinga, viltforvaltar, Kultur og fritid. Samarbeid med reiselivsnæringa, landbruksnæringa og Statsforvaltar.	2025-2026	Usikkert
7.A.2	Besøksforvaltning.	Overbelastning av nokre område i heradet kan vera ei utfordring både for naturmangfaldet og for lokalbefolkninga. Det skal utarbeidast strategi for besøksforvaltning i 2025, og opplegget med "krasjkurs for besøksforvaltning" (utprøvd på Oksenhalvøya i 2024) vert vurdert vidareført andre stader. Følgja opp besøksstrategi for verneområda i Nærøyfjordområdet, utarbeidd av Nærøyfjorden verneområdestyre.	Næringsssjef, næringsavdelinga, klima- og miljørådgjevar. Samarbeid med fylkeskommunen og reiselivsnæring.	2025-2026	Ja, ved vidareføring av krasjkurs

7.A.3	Styrt ferdsel i villreinområde.	Villreinen treng store inngrepsfrie område. Heradet må ha god kunnskap om villreinen og levekåra deira. Vera merksam på utfordringar knytt til fritidsbustader med auka ferdsel som konsekvens. Vurdera å vera meir restriktive i merking og tilrettelegging av stiar og løyper som kan auka ferdsel inn i sårbare område. Vurdera om det er behov for å utsetja kvisting av skiløyper og løyve til transport med snøskuter til lenger ut på vinteren.	Kultur og fritid, klima- og miljørådgjevar, viltforvaltar. Samarbeid med Statsforvaltar, villreinnemnda og villreinutvala.	2025-2026	Ja, dersom det skal utarbeidast fysiske informasjonsskilt og liknande.
<b>7b. Informasjonsarbeid</b>					
7.B.1	Informasjon til grunneigarar.	Informasjon til ny eigarar av LNF-eigedom med registrerte naturtyper, vassdrag m.m. om plikter knytt til naturverdiane, og moglegheiter for tilskot til dei som har registrerte naturtypar. Laga eit tilleggsskriv til Ldir sitt.	Næringsavdelinga	Årleg	Nei
7.B.2	Informasjon til jegarar.	Informasjon om viktigheita av taksering i forkant av jakt på småvilt, slik at ein kjenner storleiken på bestandane betre og om det er berekraftig å jakta. Bør vurderer å koordinera jaktstart på småvilt på tvers av jaktlag og -område, slik at presset ikkje blir for stort der ein byrjar fyrst.	Næringsavdelinga/viltforvaltar	Årleg	Nei
7.B.3	Informasjon til entreprenørar.	Interkommunale kurs for lokale entreprenørar i samarbeid med statsforvalteren om framande artar, frøbankar og massehandtering, samt sirkulær arealbruk og naturrestaurering. Samarbeidsforum saman med næringsorganisasjonane for å få dei med til å aktivt delta.	Byggesak	Årleg	Nei
7.B.4	Informasjon til folkevalde.	Informera heradsstyret om kvifor me har ein naturmangfaldplan og kvifor det er viktig.	Klima- og miljørådgjevar	Årleg	Ja, ved ekstern innleiar
<b>7c. Born og unge</b>					
7.C.1	God nærnatur for barnehagar og skular.	Nærområde/uteareal er tema i alle plansaker. Ein føresetnad for å læra naturen å kjenna, er å ha god nærnatur som kan gje borna gode opplevingar.	Planavdelinga, Byggesak, Prosjekt og utvikling	Kontinuerleg	Nei
7.C.2	Auka naturkunnskapen til born og unge.	Artskunnskap er fjerna frå læreplanane, men det er mogleg for lærarar og skulane å inkludera dette. Vurdera ein temadag, "naturens dag" eller "bioblitz", med fokus på naturfascinasjon med artslære og -kartlegging.	Oppvekstavdelinga	2026-27	Usikkert